

Stolpejakt i Naustdal 2017







Eit nytt, gratis trimtilbod!

For fyrste gong er det STOLPEJAKT i Naustdal. Ski- og orienteringsgruppa i Tambarskjelvar har plassert ut 20 stolpar i byggefeltet/Grimsetmarka og 20 stolpar ved Instedalen Skianlegg. Desse kan du finne ved hjelp av karta du finn i denne brosjyra eller ved å laste ned appen Stolpejakten og registrere deg. Leit deg fram til Naustdal og dei to karta.

Kvar stolpe er på om lag ein meter. På stolpen er eit nummer, ein bokstavkode og ein QR-kode. For kvar stolpe du finn noterer du koden eller brukar smarttelefonen og scannar QR-koden.

Vi brukar fargar for å vise kor vanskeleg vi trur det er å finne stolpane:

- | | |
|--|---|
|  Svært lett |  Middels |
|  Lett |  Vanskeleg |



Du kan registrere deg både manuelt og elektronisk:

1. Tamed deg denne brosjyra på stolpejakt og noter kodebokstavane i tabellen. Når du kjem heim kan du gå inn på www.stolpejakten.no og registrere kodane der. Eller du kan notere kodane i brosjyra og sende ho til Åsmund Berthelsen, Bekkevegen 13, 6817 Naustdal når du er ferdig med stolpejakta.
2. Last ned "Stolpejakt"-appen gratis frå AppStore eller Google Play til smattelefonen. Ta med deg mobilen på tur og skann QR-kodane på stolpane du finn. Stolpane du registrerer på denne måten vert sykronisert med heimesida neste gong du er kobla til internett

Vi har også tilbud om tur-orientering! 45 er postar er plassert i fleire område i Naustdal og står ute til 1.novmeber. Ta turen og finn postane når det passar! Det er postar i Vevring, Andal/Einevollen, Helgåsmarka, Instedalen Skianlegg, Finkenova (Vonavatnet) og Tuftetjønna (Ramsdalsheia). Du får kjøpt kart og det andre du treng på Extra i Naustdal eller du kan gå inn på turorientering.no og søkje etter Tambarskjelvar. Her finn du kart og postbeskrivelsar. Også på tur-orienteringa kan du bruke ein app du finn på AppStorel eller Goodle Play.

Ha ein aktiv sommar og god tur!

Beste helsing

Tambarskjelvar Ski og orientering

Åsmund Berthelsen

93237073

